

Forklaring til bruk av merking og skrift i dokumentet:  
Det som er skrive i *kursiv* er henta frå plandokumenta.  
Det som er markert med **gult** er det vi meiner er viktig å merke seg.  
Det som er skriven med **blå skrift** er våre kommentarar.

## Vedlegg 8, KU Sjøareal og Strandsone (merka utkast)

Har det vore gjort vurdering/synfaring kring kulturminne i sjø?

KU manglar skildring av, og verdsetjing av, dagens friluftsliv på sjø: båtliv, segling, padling, fritidsfiske og fridykking.

KU manglar skildring av, og verdsetjing, av fiskeri.

Same mangel på kartlegging av naturtypar etc. som Vedlegg 7, KU Naturmangfald!

*Funksjonell strandsone:*

«Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.» (Kjelde: Fylkesplan for Hordaland2 005-2008)

Under synfaring av planområdet blei strandsona undersøkt, mellom anna med tanke på tilgjenge, grad av inngrep og moglegheit for friluftsliv. Det er dårleg kopling mellom naturtilhøve på land og i strandsona/sjø, på grunn av stadvis skarpt skilje mot sjøen med svaberg og klipper. Dette gjer også at tilgjenget stadvis er dårleg, spesielt på austsida mot Kvernafjorden. Det er derfor grunn til å meine at funksjonell strandsone ikkje er så omfattande som den vist i Temakart Funksjonell strandsone( Meland kommune 2014). **Sett frå sjøsida er bildet noko annleis. Når ein er i båt på Flatøyosen eller Kvernafjorden har ein innsyn i alt som er merka «funksjonell strandsone».** Utfordringa er at området har varierende karakter når det kjem til tilgjenge for friluftsliv og natur. Det er derfor teke utgangspunkt i utstrekninga i temakartet til Meland kommune.

**Flatøyosen, som i hovudsak utgjer ein del av influensområdet, er registrert som svært viktig friluftsområde av typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Registreringa er utført av Meland kommune i 2016, og området er beskrive som eit svært populært område for sjøsport, særleg for kajakkpadlarar. Nordhordland Padleklubb nyttar området mykje. Området er godt skjerma for vår og vind, og dermed velegna for sjøsport og friluftsliv på sjø.** Det er ein riktig observasjon. Det er ein mangel at denne observasjonen ikkje er med i verdsetjinga.

Avhengig av storleik, grad av inngrep og grad av privatisering som følgje småbåthamn og eit eventuelt sjøsportsenter, kan området òg bli mindre attraktivt for anna type friluftsliv enn det som har med privatbåt eller sjøsport å gjera

Området har middels potensial for friluftsliv, men er i dag svært attgrodd. Det er få stiar som går ned mot strandsona. Stadvis er den vanskeleg tilgjengeleg og opphald i strandsona må skje på korte, delvis bratte svaberg. Det er få tekniske inngrep og godt lydmiljø i området. På bakgrunn av dette blir friluftsliv i delområdet vurdert å ha liten-middels verdi. **Friluftsliv på sjø er ikkje verdsett!** Om det er eit område i Alver kommune som skal gjevast prioritet for Friluftsliv på sjø, så må det vere Flatøyosen.

Konsentrert utbygginga v Midtmarka og Rotemyra vil, saman med sterk auke i menneskeleg aktivitet på Flatøy, kunne ha negativ verknad på vassførekomstar og deira kantsone. *Oppføring av småbåthamner, sjøsportsenter og anna næringsverksemd i strandsona kan føre til påverknad i form av svekking av vassmiljø om følgje av til dømes botnstoff, vaskemiddel og drivstoff til båtar, og/eller større inngrep i naturen.* Flatøyosen har allereie dårleg vassmiljø. KU manglar vurdering av konsekvensen tiltaket vil ha på vassmiljøet. Det er av stor betydning å vurdere konsekvensar tiltaket kan ha på vassmiljøet på osen.

Kulturmiljøet ved Skitnedalen/Midtmarka ligg i eit område der det, i planforslaget, er sett av areal til bustader, idrettsanlegg, barnehage, småbåthamn og grønstruktur. *Ein må rekne med direkte konflikt med storparten av enkeltminna og ei fragmentering av kulturmiljøet vil truleg bli strekt påverka då ein her planlegg utbygging.*

Det er ikkje utreia noko alternativ til å leggje byggjetiltaka så tett opptil kulturminne. Bygdelaget meiner her er gode alternativ til plassering av tiltak, som f. eks. å flytte sjøsportsenter til Eidavika. Det må finnast alternativ som varetek spesielt sjøbuene i planområdet, som alle er i god stand.

Strandsona mot Flatøyosen vil bli utsett for inngrep ved gjennomføring av planlagde tiltak. Det er t.d. planar om å leggje til rette for at delar av strandsona kan nyttast til sjørelatert nærings- og aktivitetstilbod. Eit sjøsportsenter er planlagt i midtre/nordlege delar av delområdet. *Sjølv om inngrepa stadvis vil endre strandsona, er denne mindre tilgjengeleg for ålmenta i dag og har mindre verdi for friluftsliv. Ein vurderer difor tiltak som kyststi og sjøsportsenter som positivt for friluftsliv i strandsona i Flatøyosen. Dette vil skape ei betre kopling mellom sjø og land, og det vil skapast eit nytt fritidstilbod.* Dette inneber i praksis at ein prioriterer friluftsliv på land, framfor friluftsliv på sjø. I indre del av Flatøyosen må prioriteringa være til fordel for Friluftsliv på sjø. Landbasert friluftsliv finns det gode areal for elles i området og i sentrale deler av kommunen. Bygdelaget ber om ei revurdering av dette.

For naturmangfald er omfang vurdert til lite negativt, for kulturminne middels-stort negativt og for *friluftsliv middels positivt* Ikkje for sjøbasert friluftsliv. *Når ein ser på desse samla blir omfang vurdert til lite negativt for sjø- og strandsona.* Vurderinga må gjerast om, etter at ein har vurdert verdi av Flatøyosen for sjøbasert friluftsliv.